

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.11.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 30/22. Overføring av jaktbu i Norddalsbakkane til fjellstyret

Saksopplysning/vurdering:

Fjellstyret har motteke ein e-post frå Statskog SF datert 10.10.22, der det vert meldt at ei jaktbu i Norddalsbakkane skal overførast til fjellstyret, etter at tidlegare eigar døydde tidlegare i år. Kopi av e-posten frå Statskog SF ligg ved, saman med kopi av avtalen som var inngått for denne bua. Familien til tidlegare eigar er varsla om oversendinga frå Statskog SF.

Denne bua er ei av fleire (opphavleg 14) som var bygde i allmenningen på 1970-talet av private utan løyve frå grunneigar, det dåverande Direktoratet for Statens Skoger (DSS). Ei kunngjering i lokalavisene i juni 1982 slo fast at slik bygging ikkje kunne skje utan festekontrakt med direktoratet. Etter ein kartleggings- og dialogprosess i 1982-83, der og fjellstyret var med, kom ein fram til ei ordning som innebar at eigarane av desse hyttene fekk tilbod om ein avtale med DSS om å ha rett til å ha bygga ståande i si levetid, og så lenge dei var busette i Aurland kommune. Eit punkt i avtalen seier at bua vert overteken av fjellstyret når retten fell bort. To saker som gjeld slike hytter har tidlegare vore oppe i fjellstyret. Utfallet har vorte ulikt i desse to sakene – ei brakke i Grønebotn vart riven, medan hytta på Langafonni er overteken og vert driven av fjellstyret, som ei bu som er open for alle.

I fjellstyret sin forvaltingsplan for statsallmenningen for 2020-23 er det eit kort avsnitt som omhandlar desse buene: «Med tida vil fleire av jaktbuene som er oppsette av private i allmenningen tilfalla fjellstyret, ut frå avtalane som vart oppretta mellom eigarane og Statskog. Fjellstyret vil då i kvart einskilt tilfelle vurdera om det er grunnlag for å kosta framtidig drift og vedlikehald, eller om bygget bør fjernast.» I forvaltingsplanen er det og eit oversyn over alle buene i denne kategorien.

I skogforvaltar Finn Klungervik sin synfaringsrapport frå 16. juli 1979 er den aktuelle bua i Norddalsbakkane skildra slik: «Reisverkhytte med utvendig steinkledning og plast. Bølgeblikktak med torv. Ca 2,5 x 2 m.» Det er og foto av hytta frå denne synfaringa. Fjellstyret sitt inntrykk er at eigaren sin familie har halde bua godt ved like heilt fram til det siste.

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.11.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 30/22, side 2

Statskog SF ber i e-posten om å få tilbakemelding frå fjellstyret, slik at det kan lagast nye utvisingsforretningar for dei aktuelle buene. Dette vil i så fall koma inn under § 35 i Fjellova, som seier at fjellstyret kan føra opp naudsynlege jakt- og fiskehytter og naust i statsallmenningen, etter at tomt er utvist av skogforvaltaren. Det er naturleg at fjellstyret i ei tilbakemelding til Statskog signaliserer vidare planar; om bua vert overteken med sikte på å verta ei jakt- og fiskebu open for ålmenta, eller om fjellstyret meiner at riving vil vera det beste alternativet. Dersom fjellstyret går inn for at bua bør rivast, må ein vera klar over at arbeidet og kostnaden med dette vil falla på fjellstyret. Det er ikkje noko punkt i avtalen som pålegg Statskog som grunneigar å vera med å ta noko av kostnaden.

Vurdering etter Naturmangfaldlova §§ 8-12:

Sidan det her er tale om ei sak som gjeld forvaltning av fast eigedom, seier § 7 i Naturmangfaldlova at det skal gjerast ei vurdering etter §§ 8-12 i denne lova.

§ 8, kunnskapsgrunnlaget:

Det er først og fremst trekkvegane for villrein hyttene i Norddalsbakkane kan ha innverknad på. Desse trekkvegane er nokså godt kartlagde gjennom registreringar gjorde av jegerar og oppsyn, og gjennom kartlegging i NINA Dyreposisjonar. Vidare har fjellstyret rimeleg god oversikt over bruken av området til jakt og fiske.

§ 9, føre-var-prinsippet:

Sidan kunnskapsgrunnlaget her må reknast som rimeleg bra, vert denne paragrafen ikkje aktuell.

§ 10, økosystemtilnærming og samlet belastning:

Verknaden av å overta og gjera bua om til ei open fjellstyrehytte må sjåast i samanheng med bruken av dei andre hyttene i Norddalsbakkane og kva som skjer med desse i framtida. Dersom samla bruk av området aukar i høve til tidlegare, vil dette vera negativt for villreinen.

§ 11, kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver:

(Ser ikkje at denne er aktuell).

§ 12, miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder:

(Ikkje aktuell).

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.11.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 30/22, side 3

Alt i alt ser eg det som mest aktuelt for fjellstyret å overta bua og stilla ho til rådvelde for ålmenta som ei open jakt- og fiskebu. Utvisingsforretning må då gjennomførast av Statskog SF,

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret går inn for å overta bu i Norddalsbakkane med fnr. 9002, for å disponera denne som jakt- og fiskebu open for ålmenta. Fjellstyret melder til Statskog SF at utvisingsforretning kan gjennomførast i medhald av § 35 i Fjellova.

Fjellstyrekontoret, den 1.11.22

Harald Skjerdal